

*Niels Klims
underjordiske
rejse*

Niels Klims underjordiske reise

☛ *Niels Klims underjordiske reise* var den einaste romanen Ludvig Holberg skreiv, og det gjorde han på latin: *Nicolai Klimii Iter Subterraneum* kom ut i 1741.

☛ Boka er ei fantastisk forteljing om ein ung mann som fell ned i ei hule og møter mange ulike samfunn i jordas indre. Men formålet med forteljinga er meir enn underhaldning: Gjennom skildringa av desse fantasisamfunna kritiserer Holberg indirekte samfunnstilhøva i Danmark-Noreg og i andre europeiske land han har besøkt.

☛ Holberg veit at innhaldet kjem til å vekke harme hos styresmaktene, og ordnar med at boka blir gitt ut i Tyskland. På den måten unngår han sensur (statleg kontroll eller forbod).



☛ Romanen blir straks ein suksess og omsett til fleire språk. Alt i 1742 kom boka ut også på dansk under tittelen *Niels Klims underjordiske reise*.


☛ Kyrkja og den danske kongen likte boka dårleg, men Holberg var ein populær forfattar i Danmark, slik at det var nytte-laust å forby henne.

Innhald

☞ Hovudpersonen i boka, Niels Klim, er nettopp uteksaminert frå universitetet i København og reiser heim til fødebyen Bergen. Her dyrkar han interessene sine for naturvitskap, og han er stadig på forskarferd. Ein dag er han på Fløyfjellet og oppdagar ei hola i jorda. Ved eit uhell ramlar han ned i denne hola, og dermed startar reisa.

☞ Klim landar på ein planet i jordas indre som innbyggjarane kallar Nazar. Det første landet han kjem til, er Potu. Her finst det ingen adel, og kvinner og menn er jamstilte. Dessutan er det religionsfri-dom i Potu.

☞ Klim kan ikkje skjønne at kvinner skal ha dei same rettane som menn. Han fore-slår derfor at kvinnene skal nektast høge stillingar i landet. Men det synest ikkje



innbyggjarane er nokon god idé, og Klim blir forvist frå Potu.

☛ Klim blir også kjend med fleire andre samfunn på planeten Nazar. Til sist fell han på nytt i ei hole og er med eitt tilbake i Bergen. Her får han vite at han har vore borte i tolv år. Ein gammal venn, borgarmeisteren Abelin, gir Klim husrom og skriv ned alt han fortel om reisa si.



Sjanger


☞ *Niels Klims underjordiske reise* er ein satirisk roman. Satire er kritikk blanda med humor og latterleggjering, eit sterkt våpen som ofte blir brukt for å ramme dei mektige i samfunnet.

☞ Mange av dei fantasisamfunna som er skildra i boka, har fellestrekk med land som Holberg sjølv hadde reist i, og som han no kritiserer og driv ap med. Men kritikken er indirekte: Lesaren må sjølv tenkje seg denne samanhangen mellom forteljing og røyndom. Vi kan derfor seie at delar av romanen skal oppfattast *allegorisk*, som eit bilete på noko anna.

☞ Nokre av dei samfunnstilhøva Holberg kritiserer, er mangel på åndsfridom, religionsfridom og jamstilling. Men også dårskap som pyntesjuke og uforstand er han oppteken av. Holberg er ein typisk

representant for opplysningstida og vil at folk skal bruke fornufta som rettesnor i alt dei gjer.

☞ På 1700-talet kjem det ut mange bøker som spekulerer i kva menneska vil oppdage i jordas indre, på månen eller på andre uoppdaga stader. Holberg er heilt klart inspirert av romanen *Gullivers reiser* av Jonathan Swift, som kom ut allereie i 1726. Både *Gullivers reiser* og *Niels Klims underjordiske reise* kan seiast å vere banebrytarar for *sciencefictionsjangeren*.



Førsteutgåva av *Gullivers reiser*

Språket på Holbergs tid

☞ Ludvig Holberg skreiv romanen *Niels Klims underjordiske reise* på latin. Det var vanleg blant lærde menn på 1700-talet. Dansk og norsk var lågstatusspråk. Ved hoffet snakka dei berre tysk og fransk, og fransk vart også brukt i skrift og tale av den norske overklassen.



☞ Etter kvart tok Holberg til å gjere narr av denne pompøse stilen. Han skreiv på dansk og var dermed med på å utvikle eit moderne dansk skriftspråk.

☞ Holberg ville avgrense bruken av tyske, franske og latinske ord i det danske språket, men slike ord kunne òg gjere det danske språket rikare.

☞ Holbergs *Epistler* (1748–1754) er skriven på dansk. Her gjer Holberg greie for meiningane sine om så mangt, frå parykkens historie til nestekjærleik. Ein av epistlane heiter «*Hvorfor jeg foretrekker fruentimmer-selskab*».



Ludvig Holberg



Ludvig Holberg (1684–1754) var satirikar, komedieforfattar, historikar og opplysningsmann. Han skreiv det satiriske verket Peder Paars som ein parodi på antikkens heltepos, og heile 26 komediar. I tillegg skreiv han essay og vitskaplege verk. Niels Klims underjordiske reise er Holbergs einaste roman.



Ludvig Holberg slo seg ned i København etter fleire reiser. Her gjorde han ein vitskapleg karriere. Han vurderte også å gifte seg, og her kan du høyre korleis det gjekk til.

